**Fra:** Mariann Jacobsen Hilt [mailto:Mariann.Jacobsen.Hilt@stord.kommune.no]
**Sendt:** 30. september 2013 21:08
**Til:** Postmottak KD
**Emne:** Uttale til høyring - Kulturskoletilbud - Forslag til endring i opplæringslov og privatskolelov

**Til Kunnskapsdepartementet**

Komité for oppvekst og utdanning i Stord kommune vedtok i møte 24.9.2013 følgjande uttale til forslag om endringar i lov av 17.juli 1998 nr.61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

*«Stord kommune ser positivt på at regjeringa gjennom lovfesting av kulturskuletilbod for elevar på 1.-4.trinn set kulturskuletilbodet i fokus og søkjer å utvikla skuleslaget vidare. Lovendringa gir ikkje først og fremst fleire born ei grundig og omfattande opplæring på kulturfeltet, men den kan føra til at fleire born blir kjende med og får gode opplevingar i kulturskulen og slik blir motiverte for påmelding til det tradisjonelle tilbodet i regi av kulturskulen.*

*Ressursane som er og vil bli avsette i rammeoverføringane til kommunane, vil i hovudsak gi tilbod om deltaking i storgrupper, og kulturskulane må såleis utforma innhaldet slik at det kan fungera i den type organisering.*

*Det er vanskeleg å sjå at lovendringa og avsette midlar til tiltaket vil gi rom for individuell talentutvikling innan kunstfaga*
*.*
*Det er uheldig at det ikkje blir sett krav om formell kompetanse til dei som skal undervisa i kulturtiltaket. Eit kvalitativt godt kulturskuletilbod for dei yngste elevane i relativt store grupper vil setja store krav til både pedagogisk- og fagleg kompetanse.*

*Ein føresetnad for forskriftfesting er at kommunane får tildelt tilstrekkelege økonomiske rammer og såleis unngår underfinansiering. Rammene må m.a. leggja til grunn at det er lærarar med fagkompetanse som skal stå for gjennomføringa.*

*Manglande rett på skyss i tilknyting til deltaking i tilbodet, kan føra til at mange familiar med barn som elles har rett på skyss, vil velja bort tilbodet»*

Med helsing
**Mariann Jacobsen Hilt**
Kommunalsjef

Dir.tlf : + 47 53 49 66 89
Mobil: + 47 41 41 65 03
Epost: mjh@stord.kommune.no

**Stord kommune**